

## EIDSBORG JAKTLAG

### ÅRSMØTE 2018 – REFERAT/ PROTOKOLL

Årsmøte vart halde på Grendehuset sundag 26. august 2018 kl 18.00

Det motte representantar for 9 av 17 partar:

Hermann Betten (Berge)	Vemund Romdal (Romdal/ Myklejord)
Olav Gjersund (Haugen)	Jørn Tjøstov Gjersund
Jan Rune Mandt	Sverre Kleppo
Knut Skjævesland (Refflebrek)	Bjørnar Gulseth
Geir Betten (Kvåslåa)	

Ved (eigedom) i parantes møter vedkommende for eigar.

Dessutan møtte:  
Steinar Mandt og Olav Mandt

Referent: Olav Mandt

---

#### Sak 1. Val av møteleiar.

- *Olav Mandt vald som møteleiar*

#### Sak 2. Val av to til å skrive under møtereferat (protokoll) og vedtekter.

- *Knut Skjævesland og Bjørnar Gulseth vart vald til å underskrive.*

#### Sak 3. Hjortejakt - fellesløyve.

Kvota er 11 dyr (som i 2017). Fordelinga er 4 hanndyr (1 ½ år og eldre), 3 hodyr (1 ½ år og eldre), 4 kalv. NB! Ikkje eige kvote på spissbukk, blir rekna som eldre hanndyr.

**Vi må leve skjema for sett hjort!!!**

Viltnemda vil ha fylgjande opplegg:

- Antall sett hjort pr dag fordelt på alder og kjønn så godt ein kan
- Antall jegerar pr dag
- Ein skal ikkje føre timer, bare dagar.
- Vekter av felte dyr

For at vi skal klare dette på ein rimeleg rett måte må kvar enkelt som er ute aleine føre sitt eige skjema. Er det fleire som jaktar saman avtalar ein kven som skal føre sett skjema for dei som er med denne dagen.

NB! Det skal og førast skjema om det ikkje er sett nokon hjort.

Alle skjema innleverast til kontaktperson for hjortejakta (*Sverre Kleppo?*) når jakta er slutt.

Alle registreringer overførast etter jakta til eit felles skjema for valdet og dette sendast til viltnemda.

- *Saka var til orientering utan kommentarar.*

#### Sak 4. Retningsliner for hjortejakta.

Under er retningsliner/ vedtak frå 2009 til info.

Årsmøte 2009 – Vedtak retningsliner:

a. Generelt

- Det skal ikkje seljast enkeltdyr, men enkeltpersoner kan jakte aleine på valdets kvote utanom fellesjaktene for hjort og elg.
- Det er fellesjakt på hjort kvar laurdag og sundag heile hjortejakta.
- Alle som skal delta må ha avtale med part/ grunneigar eller etter særskilte vedtak i valdet.

b. Hjort felt ved felles jakt (elg og hjort).

- Felte dyr blir dela mellom alle partar som er med denne dagen.
- Fellesløyve blir betalt av valdet ved fellesjakter.
- Normalt er det frammøte ved Grendehuset kl 07.00 dersom ikkje anna er avtala.

**c. "Fri jakt"**

- Måndag til fredag kan ein eller fleire enkelt personer jakte i heile valdet. Dette gjeld heile hjortejakta bortsett frå felles jakt dagar for elg.
- .
- Det kan fellast fleire dyr så lenge det er att tilsvarende på kvota.
- Kontaktperson kan opplyse om kva som er att på kvota.
- Felling meldast til kontaktperson så snart det er råd ved telefon eller SMS.
- Jegerar er sjølv ansvarlege for eventuelt ettersøk, ettersøkshund og melding til Viltnemda.
- Alle jegerar skal ha avtale/ tilgang på ettersøkshund. Kravet er innan 4 timer. Avtala Elgvaldet har gjeld bare fellesjakta i helgene.
- Jeger er pliktig til å gjera ettersøk minst ein dag etterpå dersom Viltnemda bestemmer dette.
- *Årsmøtet 2017 vedtok å kutte bok i postkasse på Grendehuset for registering av jegerar. Ny ordning er:*
- *Før ein dreg på jakt skal jeger melde frå/ orientere ansvarleg (eventuelt vara om kontakt ikkje oppnås) for hjortejakta. (Vedtak 2017)*
- *Dato, jeger, eigedom/ part, område ein vil jakte og mobilnummer*

**d. Rapportering/ oppgjør.**

- Fellings stad, type dyr, vekt og jeger meldast kontaktperson iløpet av få dagar.
- Kontaktperson er ansvarleg for at jaktrapport blir sendt viltnemda innan fristen og at kasserar får underlag for å betale felleløyve til Viltnemda.
- Jaktagift til elgvaldet er kr 20.- pr kg pluss felleløyve. Dette betalast til kasserar seinast ved hjortejaktas slutt.

- *Saka var til orientering utan kommentarar.*

**Sak 5. Felleløyve for elg.**

Areal 4000 dekar pr dyr som ifjor. Dette gav kvote på 8 elg.

Viltnemda gjev eit ekstra dyr for alle lag langs E-134 pga mange påkjørslar og god stamme i dette området.

Dette gjev ei kvote på 3 eldre hanndyr (1 ½ år og eldre), 3 eldre hodyr (1 ½ år og eldre) og 3 kalv.

Rapportering til viltnemd av sett elg og vekter er som før.

- *Saka var til orientering utan kommentarar.*

**Sak 6. a.) Felling av stutar.**

Vedtak på årsmøtet 2017:

- Ein stut utan begrensning i taggar, maks 5 taggar for resten. Samrøystes vedteke.

Tidlegare vedtak frå 2012/ 2015:

- Ved for mange taggar får skyttar 1 dag utan børse. Dessutan indrefilet og gevir til jaktaget.

*Vedtak frå 2017 vidareførast. Samrøystes*

**b.) Felling av kalv (ny 2018)**

Framlegg om å vente med å skjote kalv til vaksne kyr var felt for å sikre at ein ikkje skyt produksjonsdyr.

Etter eindel ordskifte vart fylgjande vedteke:

- *Det skal ikkje skjotast kalv før alle kyrne er felt.*

*Samrøystes vedteke.*

**Sak 7. Deling av kalv.**

Kalvedelinga held fram etter oppsett liste som tidlegare. Dette starta i 1999.

Framlegg på årsmøtet om å gå bort frå vilkåret om at ein måtte vera med på jakta den dagen «eigen kalv» vart felt, ellers ville den gå til neste på lista. F eks kunne eine parten vera der og den andre fråverande.

Fylgjande vart vedteke:

Ved 2 eller fleire kalvar att på kvota:

- Ein fylgjer kalvelista uavhengig av kven som har vore med på jakta ved fellingsa.

Ved ein kalv att på kvota utan andre vaksne dyr:

- Felles jakt (laurdag og sundag etter første helg). Kalven vert dela på dei som er med.

Ved eigen avtale:

- Dersom nokon etter avtale feller kalv utanom fellesjakt (for eksempel hundetrening) fylgjer ein kalve lista.

Samrøystes vedteke etter eindel ordskifte.

**Sak 8. Jakttider.**

25. september 2018 er ein tysdag.

Ut frå 3 dagars jakt i tilknytning til helg blir første jaktdag **fredag 28. september**.

Fram møte på Grenda huset kl 06.30

Hjortejakt, sjå sak 4.

Generelle jakt tider 01.04.2017 – 31.03.2022 for hjortevilt:

Elg og rådyr 25.09 - 23.12. Hjort 01.09 – 23.12. Rådyr bukk 10.08. – 23.12.

Kjenner ikkje til at det gjort andre vedtak for Tokke.

**Sak 9. Rovvilt jakt.**

Ulv: Finn ikkje noko om lisensjakt på ulv i perioden 2018/ 2019 i rovvilt region 2 – Telemark m fl. Må sjekkast.

Bjørn: Finn ikkje at det er lisens jakt på bjørn i Telemark i 2018/ 2019.

For å delta i lisensjakt på rovdyr må ein:

- Registrere seg lisensjeger. Dette gjer ein i jeger registeret. Hugs å krysse av for aktuelle rovdyr. Kryss heller av for mange enn for få. <https://w2.brreg.no/lisensjeger>
- Ha løyve frå grunneigar. For å sikre oss at alt det formelle er i orden i tilfelle det skulle bli aktuelt treng vi løyve frå kvar enkelt grunneigar i Eidsborg. Eige skjema.

**Sak 10. Ettersøkshund.**

Avtale jaktaget har om ettersøkshund gjeld i utgangspunktet jakt på elg og fellesjakt på hjort. Ikkje jakt på hjort og rådyr utanom felles opplegget. Opp til kvar ettersøks avtale kva ein vil binde seg til.

Jaktleiar skal ha med avtala under jakta, men den treng ikkje sendast til viltnemda.

**2018: Avtale med Bjørnar Gulseth for elg, hjort og rådyr for jaktsesongen 2018.**

*Som godtgjersle får Bjørnar jakte ein kalv når det passar for han. Denne fordelaust etter lista.*

Jørn Tjøstolv Lofthus har også godkjent ettersøkshund som kan nyttast.

**Sak 11. Rydding.**

**Rydding og merking av postar og tilførselsvegar.**

Mykje bra rydding er gjort dei siste åra og hovudsak er helst løpende vedlikehald av postliner og vegar. Det veks fort til mange stader.

**2017:**

Postlina frå Ligodt til Tveiten er flytt bort til 300 kV lina pga husbygging.

- Olav Gjersund utarbeider i god tid før jakta i 2018 ei liste med 2-3 mannslag der desse får ansvar for rydding og vedlikehald av faste postrekker/vegar.

Før jaktstart på elg 2017:

- Olav G, Hermann og Bjørnar ryddar, etablerer nye postar og merker desse på Ligodt
- Jørn, Geir og Sverre ryddar postrekka i Reffstøylalen
- Jan Rune ryddar Furustøy
- Tor Olav ryddar Vingravlid
- Oppfordrar ellers alle jegerar til å ta ein ryddesjau!

### **2018:**

Olav G har utarbeid eiga liste over postliner og ansvar for rydding.

På årsmøtet vart det gjort litt tillegg i utsendte liste. Sjå vedlegg for oppdatera liste.

#### **NB!**

- Kontroll/ oppdatering merking av postar (merkeskilt på låven i Groven) samt rydding av tilførselsvegar inngår også.
- Alle postliner har minst to ansvarlege. Ikkje vent på kvarandre, men tak initiativ.

Rydd gjerne når ein går av post og **det er framleis tid til rydding før jakta.**

Ta kontakt med Olav G. dersom spørsmål.

### **Sak 12. Regnskap – fastsettjing av kontingent.**

2017: Det vart orientert om at det er ca 15 000.- på konto.

Det er opp frå ca 12 000.- i fjor.

Vedtak 2018:

Kontingent for 2018 blir den same som i 2017 - **kr 600.-**

Innbetalast heilt uoppfordra til kasserar på konto nr **0540.08.82020**, innan 01.10. Purring/til dei som er trege.

Samrøystes.

### **Sak 13. Valg.**

Valg 2018:

Leiar av valdet og skrivar

Olav Mandt (attval)

Nestleiar og jaktleiar for Eidsborg jaktfelt

Knut Skjævesland (attval)

Kasserar

Olav Romdal (attval)

Styremedlem og jaktleiar for Engefjell jaktfelt

Geir Betten (ny)

Kontaktperson for hjortejakta:

Sverre Kleppo, vara er Bjørnar Gulseth. Begge fortset.

### **Sak 14. Heimeside.**

MandtCo AS har sponsa etablering av heimeside [www.eidsborgjaktag.no](http://www.eidsborgjaktag.no)

Brukarnavn: **eidsborgjaktag**

Passord: **nyvlejakt**

Førebelts ligg det bare nokre få bilder der.

Tenkte sida kunne vera for alle i Eidsborg og dei som har tilknytning til jaktlaget.

Underteikna er administrator, men det kan me utvide.

Håper jaktlaget etterkvart vil oppleve at det blir verdt kr 950.- i årleg vedlikehald til Domenia AS.

Har svært mykje dokumentasjon frå 1970 talet og framover, men og noko før dette.

Håper å få inn mykje av historia til jaktlaget. Utfordringa er å få det på ein ryddig og oversiktleg måte.

### **Sak 15. Trenings skjotning.**

Det har ikkje vore organisera skjotning i 2018 pga manglante stad å halde til.

Det er rydda nytt skjotefelt ved Langesævegen. Ein tek sikte på å ha trenings skjotning der i 2019. Tre skjotinger i Juni etter same opplegg som tidlegare.

*Samrøystes.*

NB! Denne staden er ikkje godkjent som feltbane og skjotning vil ikkje gjelde til skjoteprøva.

**Sak 16. Registering i Brønnøysund og vedtekter.**

Kasserar fekk problem med bank konto då Jaktaget ikkje er registera i Enhets registeret i Brønnøysund.

Olav R har oppretta og overført til privatkonto.

For å ha konto i Jaktagets navn må ein registrere seg i Enhets registeret for tildeling av org.nr og ev. i Frivillighets registeret.

Det medfører noko arbeid å gjera dette, men lite oppfylgjing seinare. Stort sett bare innrapportering ved endring av styre. Registrering i enhetsregisteret er gebyrfritt for lag/organisasjoner. Eventuell reg. i foretaksregisteret kr 2 250.-

Dersom ein i tillegg blir godkjent i Frivillighets registeret kan det gjeva noko inntekter som Grasrotmidler (tippeandeler) og refusjon av moms.

For å bli registrert treng ein fylgjande:

1. Foretaksnavn
2. Adresse
3. Organisasjonsform
4. Formål (art/ bransje).
5. Stiftelses tidspunkt

Desse punkta i varetek ein med vedtekter og stiftelses dokument.

**Stiftelsesdokument har vi ikkje.**

Ut frå protokollar frå Viltnemda i den gong Lårdal kommune var det enkelt personar som kvart år frå 1952 søkte om og fekk fellingsløyve på vegne av fleire eigedomar i Eidsborg. Fyrste gongen Eidsborg Jaktag er offisiell søker er i 1960.

Ein finn ikkje møteprotokollar før 1972. Rekneskap har ein frå 1970. Då var det 15 eigedomar med kontingent kr 10.- Inntekter var kontingent kr 140 pluss elghud kr 16.50.

Utgifter var bl a 2 felleløyve a kr 30.-

**Vedtekter**

Trur nok vedtekter kan vera greit å ha i enkelte høve ( jfr for eksempel sak om Solumstøyl) Vedlagte forslag til vedtekter er basera på «forslag til normalvedtekter for utmarkslag» frå Skogeigar forbundet og tilpassa jaktaget.

**2017: Saka vart utsett i 2017 med bl a desse merknadene:**

*Saka blei diskutera og fleire meinte dei kunne og/eller viste for lite om dette. Fleire meinte også at dette ville «tvinge» seg igjennom etter erfaring frå liknande saker i andre lag. Nokre av kommentarane som ble framlagt og diskutera:*

- Skepsis med tanke på at styret får meir ansvar
- Er det samsvar mellom vedtekten og det som eventuelt skal søkast inn? Vedtekten bør gjennomgåast
- Kva skal rapporteras?
- Blir det regnskapsplikt og skal rekneskap rapporteras årleg
- Blir styre/leiar av laget meir ansvarleggjorde ut i frå vedtekten. I dag er det meir den enkeltjeger som har ansvaret

*- Samrøystes vedteke å utsett saka for å innhente meir informasjon før ein vel vegen vidare.*

**2018:**

- a.) Etter eindel ordskifte gjekk ein inn for å melde laget inn i enhetsregisteret.

*Samrøystes vedteke.*

- b.) Oversendte forslag til vedtekter vart endra på to punkt:

**§8.1 Sanksjon mot jeger endrast til:**

- *Jegerar kan utesettengast eller vera med utan våpen for kortare eller lengre tid dersom dei ikkje fylgjer laget/ jaktleiars instruksjonar, reglar og retningsliner.*

Ikkje endring av eksempel.

**§11 – Økonomiske tilhøve, ingen endring av framlegg utover signatur som blir:**

- *Signatur: Styreleiar og styremedlem i felles skap.  
Samrøystes vedteke.*

**Sak 17. CWD – skrantesjuke.**

Tokke kommune er teke ut til å levere prøver for elg og hjort eldre enn 2 år.

Har tidlegare sendt ut motteke info vedr dette, men legg ved på nytt.

Det er info møte i Seljord onsdag 05. september vedr prøvetaking.

Foreslo tidlegare eit par tre navn. Tenkte då på dei yngre som er ivrigast på hjortejakt for å dekke opp denne og. Det er fleire her som Jørn Tjøstolv, Jan Rune og Vemund.

Er ikkje meinings å utlukke nokon som kunne vera interessera, men trigge nokon til å vurdere dette.

Var på tilsvarande i Bykle som var svært nyttig sjølv om det var mykje om kvifor før dei kom til prøvetakings prosedyrene.

Årsmøte bør finne 2 – 4 personar som er viljuge til å stå for dette. Laget betalar reisegodtgjering etter statens satsar.

*Årsmøtet oppmoda om at fleire bør dra på infomøte i Seljord 05.09. Ingen meldte seg på møtet. Intresserte melder frå til Bjørnar Gulseth for samordning av transport.*

Svært god video om prøvetaking på Miljødirektoratets heimesider:

<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Viltforvaltning/Skrantesjuke-CWD/Skrantesjuke-Slik-tar-du-prover-av-fallvilt/>

**Sak 18. Eventuelt.**

Andre vedtak på årsmøtet 2018:

18.1: Kr 2 000.- i godtgjering til Hermann for frakting av elg.

18.2: Godtgjering for bruk av låven i Groven er fri kontingent i Jaktlaget. I tillegg kr 1 000.- pr år for driftsutgifter til kjølerom etc.

18.3: Ein vil halde fram med «kadaverbil» til skinn og slakteayfall. Ansvar Jan Rune

18.4: Årsmøte bør haldast siste helga i august, før oppstart av hjortejakta i 2019.

18.5: Etter fleire trivelege elgfestar på Grove låven bor alle seta av laurdag 06.10 til dette i år.

Oppfordrar alle til å delta i eit triveleg sosialt lag med bygda og jaktlaget. Kvar enkelt tek med mat og drikke ☺

Frå tidlegare jakt kan ein ta med seg:

- Skjotning på dyr i fart gjev større risiko for skadeskjotning.
- Tolking av det ein ser/ opplever kan ha andre svar enn det som verkar sannsynleg i første omgang.
- Vurdering av avstand kan vera vanskeleg.

Olav Mandt (*referent*)

  
Knut Skjævesland

  
Bjørnar Gulseth